

KVARTALSRAPPORT

3. kvartal – 2007



Foto: Torbjørn Gumbildgaard, Hallingdalen

*Adm. banksjef Knut Oscar Fleten
opnar den nye kunstgrasbanen på Ål.
SpareBank 1 Hallingdal er hovudsponsor
for det nye anlegget på Bråta.*

SpareBank 1 Hallingdal

GOL • HEMSEDAL • ÅL • VALDRES

KOMMENTARAR 3. KVARTAL 2007

Konsernet omfattar morbanken og dei fem heileigde dotterselskapa SpareBank 1 Ål Eigedom AS, SpareBank 1 Hemsedal Eigedom AS, SpareBank 1 Gol Eigedom AS, SpareBank 1 Hallingdal Invest AS og Hemsedal Regnskap AS. Dotterselskapa har liten påverknad på konsernrekneskapen, og rapporten omhandlar difor morbanken.

RESULTATUTVIKLINGA

Banken har eit driftsresultat etter skatt per 3. kvartal på 27,2 mill. kroner som tilsvarar 0,82% av gjennomsnittleg forvaltningskapital. Resultatet for same periode i fjor var 29,4 mill. kroner. Resultatet er 2,6 mill. høgare enn forventa.

Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter er på 66,7 mill. kroner mot 62,4 mill. i fjor. Rentenettoen i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital er per 3. kvartal på 2,01%. På same tid i fjor var rentenettoen 2,12%.

Netto andre driftsinntekter er på 26,4 mill. kroner mot 24,1 mill. i same periode i fjor. I høve til fjoråret har banken 1,1 mill. i auka aksjeutbytte – i hovudsak utbytte frå SpareBank 1 Gruppen AS. Positivt resultatteffekt har også 0,8 mill. i auka netto provisjonsinntekter.

Driftskostnadane aukar frå 53,7 til 55,8 mill. kroner. Løns- og generelle administrasjonskostnader viser ein auke på om lag 1,5 mill. kroner. Andre driftskostnader har ein auke på 0,7 mill. Kostnadsutviklinga er som forventa.

Resultatrekneskapen viser ein netto tapskostnad på 1,1 mill. kroner, og er mindre enn forventa. I dette ligg det ein auke på 1,8 mill. i individuelle nedskrivningar og ein reduksjon på 0,9 mill. i gruppevis nedskrivningar.

Sjølv om rentenettoen er mindre enn venta, er utbytte på aksjar og realisering av aksjegevinst med på å halde resultat før tap over forventa nivå. Positive utslag på tapspostane gjer at resultatet samla sett er 2,5-3 mill. betre enn budsjettert.

BALANSEUTVIKLINGA

Banken har ved utgangen av 3. kvartal ein forvaltningskapital på 4.935 mill. kroner. Forvaltningskapitalen har auka med 20,1% siste 12 månader. Frå årsskiftet er auken 13,2%.

Utlånsvolumet utviklar seg positivt. Totale utlån ved utgangen av 3. kvartal er 4.324 mill. kroner, og det er 602 millionar meir enn for eit år sidan. Omrekna i prosent er veksten 16,2% siste 12 månader. På privatmarknaden har utlåna så langt i år hatt ein auke tilsvarande årsvekst på 13,7%. Tilsvarande er veksten i bedriftsmarknaden på 25,3%. Banken si relative eksponering mot bedriftsmarknaden er no 37,6% av samla utlån og har auka noko siste kvartal. Utlån til privatmarknaden utgjer 62,4%. Innafor privatmarknaden er 61% av utlåna til kundar i lokalmarknaden som er Hallingdal og Valdres. Av utlån til bedriftsmarknaden er heile 93% til kundar i lokalmarknaden.

Sum engasjement som er misleghalde lengre enn 90 dagar utgjer pr 3. kvartal 147 mill. kroner av utlånsvolumet. Misleghaldet utgjer 3,4% av brutto utlån. Årsaka til det høge talet er to store kredittar som ved ein intern feil er rapportert som misleghald per 30.09. Korrigerer ein for desse er samla misleghald 41,6 mill. kroner eller 0,96% av brutto utlån. Samla nedskrivningar for verdifall på utlån utgjer 13,9 mill. kroner per 3. kvartal og er ein auke frå 13,1 mill. ved utgangen av 2006. Misleghald og tap er ytterlegare spesifisert på side 4 i kvartalsrapporten.

Banken si portefølje av verdipapir klassifisert som omløpsmidlar utgjer 250,1 mill. kroner. Av dette utgjer sertifikat og obligasjonar 237,7 mill. kroner. Norske og utanlandske aksjar er bokført til kostpris 20,8 mill. Porteføljen har ein kursreserve på 6,8 mill. kroner.

Innskota ved utgangen av kvartalet er på 2.541 mill. kroner, og er ein auke på 164,7 mill. frå same tid i fjor. Omrekna i prosent er det ein vekst siste året på 6,9%. Sidan nyttår er innskota auka med 22,5 mill. eller 0,9%. Med auke i utlån og reduksjon i innskot går finansieringsgraden (innskot/utlån) ned frå 66,0% ved årsskiftet til 58,8% ved utgangen av kvartalet. På same tid i fjor var den 63,8%. Banken må i stor grad finansiere utlånsvæksten med innlån i marknaden, men reknar etter kvart med å leggje ein del av bustadlånporteføljen over til SpareBank 1 Boligkreditt.

Ved utgangen av kvartalet har banken 4 obligasjonslån og eit sertifikatlån på til saman 1.150 mill. kroner. Samla ekstern finansiering utgjer 1.602 mill. kroner. Av dette har 1.127 mill. kroner løpetid på over eit år. Banken har 150 mill. kroner i kommitterte trekkrettar med løpetid til januar 2011 og august 2012. I tillegg kjem oppgjerskreditt på 40 mill. kroner.

Banken sin soliditet er god. Kapitaldekninga er på 17,7% ved utgangen av 3. kvartal og er godt over det lovmessige kravet på 8%. Resultatet hittil i år er ikkje teke med i grunnlaget for utrekning av kapitaldekning. Delårsrekneskapen er ikkje revidert.

FRAMTIDSUTSIKTER

Vintersesongen 2007/2008 startar snart opp. Det er investert store beløp i nye fritidsbustader i vårt område i løpet av 2007. Auken i talet på nye senger ser ut til å vere på eit rett nivå ut i frå kva som er forventa å vere ei normal auke i talet på overnattingsdøgn. I Hemsedal er sannsynligvis kapasitetsauken for låg i høve til etterspørselen. Årsaka er knytt til utbyggingsavtaler mellom kommune og grunneigarar. Dette er no avklara.

Førehandbestillingane for vintersesongen gir ein god indikasjon på komande vintersesong. Normalt utgjer førehandsbestillingane ca 50% av totale gjestedøgn for vintersesongen. Når desse ligg ca 20% høgare enn på same tid i fjor, er det grunn til å forvente omsetningsauke i turistrelaterte bedrifter neste år.

Hallingdal, 30. sept./12. nov. 2007

Kjell Vidar Bergo
formann

Kjell R. Kristiansen
nestformann

Sissel Bjørøen

Sissel Skrindo

Vidar Isungset

Mikael Fønhus

RESULTATREKNESKAP ALLE TAL I 1000 KR

	2007 3. KVT.	2007 AKKU.	2006 3. KVT.	2006 AKKU.	ÅRET 2006
Renteinntekter og liknande inntekter	66 382	172 168	42 451	117 442	164 041
Rentekostnader og liknande kostnader	42 267	105 517	21 264	55 008	79 294
NETTO RENTE- OG KREDITTPROVISJONSINNTEKTER	24 115	66 651	21 187	62 434	84 747
Utbytte av verdipapir med variabel avkastning	562	2 240	5	1 161	1 400
Provisjonsinntekter og inntekter ved banktenester	6 710	19 654	6 058	19 337	26 386
Provisjonskostnader og kostn. ved banktenester	544	1 494	957	1 969	2 490
Netto gevinst/tap av valuta og verdipapir	848	4 442	109	4 205	4 821
Andre driftsinntekter	668	1 578	455	1 364	1 835
NETTO ANDRE DRIFTSINNTEKTER	8 244	26 420	5 670	24 098	31 952
SUM NETTO DRIFTSINNTEKTER	32 359	93 071	26 857	86 532	116 699
Løn og generelle adm.kostnader	14 804	41 440	13 328	39 926	57 453
Avskrivningar driftsmiddel	407	1 245	489	1 435	1 637
Andre driftskostnader	4 185	13 073	4 148	12 385	17 104
SUM DRIFTSKOSTNADER	19 396	55 758	17 965	53 746	76 194
DRIFTSRESULTAT FØR TAP	12 963	37 313	8 892	32 786	40 505
Tap på utlån og garantiar	427	1 056	-92	-4 092	-1 188
Nedskr og gevinst/tap på v.papir haldne på lang sikt	0	0	-630	-2 042	-2 995
Skatt på ordinært resultat	3 296	9 098	2 676	9 498	11 986
RES AV ORDINÆR DRIFT ETTER SKATT	9 240	27 159	6 938	29 422	32 702

BALANSE

	2007 3. kvartal	2006 3. kvartal	Året 2006
EIGEDELAR			
Kontantar og fordringar på sentralbankar	25 150	23 728	27 804
Netto utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	207 966	41 031	197 437
Brutto utlån til og fordringar på kundar	4 324 519	3 722 264	3 813 575
<i>Individulle nedskrivningar</i>	-4 169	-1 063	-2 563
<i>Gruppevise nedskrivningar</i>	-9 720	-10 000	-10 600
Netto utlån til og fordringar på kundar	4 310 630	3 711 201	3 800 412
Overtekne eigedelar	0	0	0
Sertifikat, obligasjonar og andre rentebær. v.papir	237 740	227 247	227 589
Aksjar	66 500	67 767	66 059
Eigarinteresser i konsern	4 389	1 170	4 389
Immaterielle eigedelar	0	1 106	0
Varige driftsmiddel	8 566	8 826	8 721
Andre eigedelar	49 186	9 026	3 674
Forskotsbetalingar og opptente inntekter	24 384	16 825	21 533
SUM EIGEDELAR	4 934 511	4 107 927	4 357 618

GJELD OG EIGENKAPITAL

GJELD			
Gjeld til kredittinstitusjonar	452 000	377 033	377 000
Innskot frå og gjeld til kundar	2 540 541	2 375 817	2 518 020
Gjeld stifta v/utsteding av verdipapir	1 192 471	642 315	726 540
Anna gjeld	12 080	37 957	76 080
Påkomne kostnader og forskotsbetalte inntekter	61 460	34 394	11 177
Avsetningar til forpliktingar og kostnader	11 794	8 186	11 795
SUM GJELD	4 270 346	3 475 702	3 720 612
EIGENKAPITAL			
Fond for vurderingsforskjellar			
Sparebanken sitt fond	637 006	602 803	637 006
Resultat hittil	27 159	29 422	
SUM EIGENKAPITAL	664 165	632 225	637 006
SUM GJELD OG EIGENKAPITAL	4 934 511	4 107 927	4 357 618
POSTAR UTANOM BALANSEN			
Betinga forpliktingar	376 525	402 837	435 572

NØKKELTAL

	2007	2006	Året	Norm
	3. kvartal	3. kvartal	2006	2006
RENTABILITET				
Rentenetto i % av gj.sn. forv.kapital	2,01	2,12	2,12	2,02
Driftskostnader i % av driftsinntekter	59,91	62,11	65,29	57,36
Driftskostnader i % av gj.sn. forv.kapital	1,68	1,37	1,91	
Eigenkapitalrentabilitet (før skattekostnad)	7,43	8,47	7,26	13,23
Eigenkapitalrentabilitet (etter skattekostnad)	5,57	6,40	5,31	9,68
Bokførte tap i % av brutto utlån	0,02	-0,11	-0,03	0,07
FINANSIERING				
Utlånsvekst (brutto) siste 12 mndr.	16,18	17,53	16,57	
Innskotsvekst siste 12 mndr.	6,93	8,43	9,22	13,54
Innskot i % av brutto utlån	58,75	63,83	66,03	
Auke i forv.kapitalen siste 12 mndr.	20,12	12,93	16,89	16,06
SOLIDITET				
Netto ansvarleg kapital	630 985	598 899	630 727	
Kapitaldekning	17,73	19,20	19,65	14,79
Eigenkapitalprosent	13,46	15,39	14,62	8,18
Nedskrivning i % av brutto utlån	0,32	0,30	0,35	0,52
Berekn.grunnlag i % av forvaltningskapital	72,11	75,93	73,64	61,21

MISLEGHALD OG TAP PÅ UTLÅN

	2007	2006	Året
	3. kvartal	3. kvartal	2006
MISLEGHALDNE LÅN			
Brutto misleghaldne lån	146 994	45 240	52 548
- individuell nedskrivning	2 662	540	2 040
NETTO MISLEGHALDNE LÅN	144 332	44 700	50 508
IKKJE MISLEGH.LÅN MED NEDSKRIVING			
Brutto utlån	15 495	845	591
- individuell nedskrivning	1 691	523	523
NETTO IKKJE MISLEGHALDNE LÅN	13 804	322	68
TAP PÅ UTLÅN OG GARANTIAI			
Endring gruppevis nedskrivning	-880	0	600
Endring individuell nedskrivning	1 801	-2 671	-1 171
Konstatert tap i perioden	151	0	858
Inngått på tidl.konst. tap	-16	-1 421	-1 475
TILBAKEFØRING/TAP I PERIODEN	1 056	-4 092	-1 188
Endring gruppevis nedskrivning bokført direkte mot eigenkapital/skatt	0	-12 145	-12 145

SpareBank 1 Hallingdal

Kundesenteret
Postboks 33
3551 Gol

Forretningsadr.
Postboks 173
3571 Ål

GOL
Postboks 33
3551 Gol

HEMSEDAL
Postboks 23
3561 Hemsedal

ÅL
Postboks 173
3571 Ål

VALDRES
Postboks 183
2901 Fagernes

Tlf 03202 - Faks 3202 3901 - post@hallingdal.sparebank1.no - www.hallingdal.sparebank1.no